

Bringebust vann hårfint

22.04.2011



4 av dei 5 på Bringebust skålar for sigeren - Hilde Bringedal er ikkje med. Dei andre er Linda Bringedal, Ivar Gundersn, Sammy Myklebust og Thomas Eide.

Laget Bringebust vann så knapt som det går an då Systrene Nilsen avvikla påskequiz i natt. Eitt fattig poeng var marginen til Nakkeskudd og så kom Turalleri foran 3 lag med same poengsum.

Arrangøren makta med andre ord ikkje å skilja klinten særleg klårt for kveiten denne gongen. Dei kunne gjerne hatt skarpere spørsmål og færre med alternative svar. Men kvelden vart likevel ein stor suksess med 19 deltakande lag frå heile kommunen. Talet på deltakarar kom opp i 105.



Trio frå Omvikdalen i barmiljø: Frå høgre sit Solbjørg Apeland, Ellen Apeland og Monika Næs. Deira lag heitte Monika & co. Også denne gongen var det Tiaren som avslutta dysten, men den vart ikkje avgjerande fordi den var litt for vanskeleg.



Flinke programleiarar var Morten Nilssen og Bjørn Sture Hillestad

Ellers avvikla dei 2 dyktige programleiarane Morten Nilssen og Bjørn Sture Hillestad 5 runder - med musikk, Sør-Amerika, sport, lokal og lett blanding. Det er grunn til å gleda seg til meir quiz med dei til sommaren. Dei skal rosast spesielt fordi dei mintest quiz-eksperten Torfinn Myklebust og hadde spørsmål om Grete Waitz som også har gått bort nyleg.

Her er resultatlista:

1. Bringebust 43
2. Nakkeskudd 42
3. Turalleri 37
4. Nesjarane 36
4. Synnøves engler 36
4. Skorpo 5 36
7. Tussaladdane 34
8. Dei innante 32
9. Pretenders 30
10. Labbalaukane 29
11. Kompetanse 27
- 11, 5 søsken som ikkje er søsken 27
13. Vita 6 25
- 13 Den Raude Rubin 25
13. Team Nordås 25

- 16. Monica & co 21**
- 16. Lucky Losers 21**
- 16. Ingenting & alt 21**
- 19. Cheez Doodles 20**

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen